

Sveinung Toft  
Stranda 435  
5993 Ostereidet

Att. sveinung.toft@masfjorden.kommune.no

Svar på søknad om dispensasjon frå byggegrense - fv. 5458 - minireinseanlegg - gnr 18 bnr 5 - Toft - Alver kommune

Vi viser til søknad av 16.07.2021.

#### Saka gjeld

Det vert søkt om dispensasjon frå byggegrensa til fylkesveg 5458 i forbindelse med at eksisterande septiktank skal bytast ut med nytt minireinseanlegg på same stad. Det nye minireinseanlegget vil bli plassert 5 meter frå midten av fylkesvegen.

#### Vedtak

Med heimel i veglova [§ 30](#) og [§ 34](#) gir vi dispensasjon frå byggegrensa mot fylkesveg 5458 for å plassere nytt minireinseanlegg på gnr. 18 bnr. 5 i Alver kommune.

#### Vilkår for dispensasjonen

1. Tiltaket skal vera i samsvar med vedlagt situasjonsplan.
2. Avstanden frå minireinseanlegget til senterlinja på fylkesveg 5458 skal vera minst 5 meter.
3. Minireinseanlegget må ikkje brukast til andre føremål enn det dispensasjonen gjeld.
4. Det kan ikkje krevjast erstatning for skadar og ulemper som følgje av at innretringa ligg nær fylkesveg 5458
5. Arbeidet må vera starta opp innan tre - 3 - år frå dispensasjonen er gitt, om ikkje fell dispensasjonen bort.
6. Det må søkast om graveløyve i forbindelse med arbeidet. Dette med bakgrunn i at tiltaket skal etablerast 5 meter frå fylkesvegen.
7. Dersom det vert nødvendig å bruke fylkesvegen i forbindelse med sanering av den gamle septiktanken og opparbeiding av det nye minireinseanlegget må arbeidet ha ein arbeidsvarslingsplan.
8. Tømming av minireinseanlegget må bli gjort frå den private tilkomstvegen til bustaden på eigedomen. Dersom det ikkje er mogleg å nytte den private vegen skal det vera ein arbeidsvarslingsplan før eit slikt arbeid vert gjennomført i frå fylkesvegen.

For meir informasjon om graveløyve og søknadsskjema for dette sjå lenke:

<https://www.vestlandfylke.no/fylkesveg/loyve-og-dispensasjonar/grave-og-framforingsloyve/>

For meir informasjon om arbeidsvarslingsplan sjå lenke:

<http://www.vegvesen.no/fag/Veg+og+gate/Arbeidsvarsling>

### Bakgrunn for vedtaket

Byggegrensene skal ta vare på trafikktryggleik, vedlikehald og drift av vegnettet, arealbehov ved ei eventuell utviding av vegen, og miljøet på eigedomane langs vegen.

Det er søkt om nytt minireinseanlegg 5 meter frå midten av fylkesveg 5458 i forbindelse med at gammal septiktank på same stad må bytast ut.

Fartsgrensa på staden er 50 km/t, og trafikkmengda 400 ÅDT. Etter rammeplanen for avkørsle og byggegrenser langs fylkesveg ligg denne strekninga i lite streng haldningsklasse. Dette inneber at det ikkje bør etablerast nye tiltak nærmere fylkesvegen enn 15 meter.

Tiltaket som det vert søkt om er eit mindre tiltak som erstattar eksisterande septiktank, og vil få same avstand til vegen. Det er lite sannsynleg at det i nærmaste framtid vil bli gjort større utvidingar av vegen som vil leggje beslag på dette arealet. Dersom det likevel skulle bli behov for dette i framtida vil ikkje tiltaket utgjere ein større kostnad å innløyse.

Ut i frå samla vurdering av tilhøva på staden gjev vi dispensasjon frå byggegrensa langs fylkesveg 5458 for tiltaket.

### Rett til å klage

Ein kan klage på vedtaket, jf. forvaltningslova [§ 28](#). Informasjon om å sette fram klage, går fram av skjemaet [«Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak»](#). Fristen for å klage er tre veker frå vedtaket vart motteke. Klageinstansen er Klagenemnda for Vestland fylkeskommune. Send klagen til Vestland fylkeskommune, [post@vlfk.no](mailto:post@vlfk.no) eller Postboks 7900, 5020 BERGEN. Klagen vil bli sendt vidare til klageinstansen.

Du har rett til å gjøre deg kjent med saka sine dokument, jf. forvaltningslova [§ 18](#).

Med helsing

Kari Elster Moen  
senioringeniør

Govert Edvar Grindhaug  
rådgjevar

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor ingen handskriven underskrift*

### Vedlegg

- 1 Situasjonskart omsøkt minireineanlegg på gbnr 185 Toft - Stranda  
435.pdf